



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Tom N. Pedersen, 5557 2119

Vår dato
18.08.2014
Dykkar dato
13.05.2014

Vår referanse
2013/13315 542.1
Dykkar referanse

Nesfossen Smolt AS
Nesfossen
5956 HUNDEVIN

Løyve til utslepp for Nesfossen Smolt AS på lokaliteten Nesfossen i Lindås kommune

Nesfossen Smolt AS får løyve til utslepp til luft og vatn for produksjon av sjøklar settefisk av laks og aure med maksimalt årleg forforbruk på 2400 tonn og maksimal samla biomasse på inntil 2000 tonn på lokaliteten Nesfossen i Lindås kommune. Utsleppsløyvet er gitt i medhald av forureiningslova § 11, jf. § 16.

Det er sett krav om bruk av resirkuleringsteknologi som reduserer utsleppet av nærings salt til Lurefjorden. Nesfossen Smolt må dokumentere utsleppsmengdene med årleg rapportering til Fylkesmannen. Det er sett krav om at slam frå reinseanlegget skal leverast til godkjend mottak.

Løyvet med tilhøyrande vilkår er lagt ved dette brevet. Fylkesmannen har regulert dei tilhøva som blir vurdert til å ha dei mest alvorlege miljømessige konsekvensane.

Vi viser til søknad frå Nesfossen Smolt AS av 7. oktober 2013 som vart oversendt frå Hordaland fylkeskommune 15. oktober 2013. Denne søknaden vart avslått av Fylkesmannen 13. mars 2014 og Nesfossen Smolt AS leverte ei endra søknad den 8. mai 2014. Fråsegn frå Lindås kommune vart gitt 11. februar 2014 og oversendt frå Hordaland fylkeskommune 12. februar 2014.

Nesfossen Smolt AS søker om løyve til utviding av produksjonen av 2,5 millionar sjøklar settefisk av laks og aure ved auke i storleiken på fisken, ei auke i biomasseproduksjonen frå 216 tonn til 2000 tonn. Det vert søkt om bruk av resirkuleringsteknologi som skal redusere dei totale utsleppa frå anlegget til maksimalt 50 prosent av dagens utslepp utan bruk av reinseteknologi.

Løyvet erstattar tidlegare vedtak og gjeld på dei vilkåra som følgjer vedlagt. Det er ikkje gyldig før Hordaland fylkeskommune har gitt løyve etter akvakulturlova.

Løyvet gjeld òg for utslepp frå reingjering av produksjonsutstyr og medisiner. Det er sett vilkår for handtering av fiskeavfall og anna avfall ved anlegget. Løyvet gjeld ikkje for slakting, sløyving og foredling av fisk.

Dersom løyvet ikkje er teke i bruk innan to år, må verksemda melde frå til Fylkesmannen, jf. forureiningslova § 20.

Fylkesmannen vil påpeike at negative miljøpåverknader isolert sett er uønskt. Verksemda pliktar å redusere utsleppa så langt det er mogleg utan urimelege kostnader og pliktar å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningslova § 7.

I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova, produktkontrolllova, og dei forskriftene som er heimla i desse lovene. Enkelte av forskriftene er nemnt i løyvet. Vi viser til www.regelhjelp.no for informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda.

Fylkesmannen har ikkje sett krav til substitusjon av kjemikalie i løyvet. Krav til substitusjon følgjer direkte av produktkontrolllova § 3a.

Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova og produktkontrolllova, og forskrifter fastsett i medhald av desse lovene, er straffbart.

Vurdering

Fylkesmannen har handsama søknaden etter forureiningslova og vurdert han etter naturvern-, friluftsliv-, vilt-, lakse- og innlandsfiskeinteresser, og naturmangfaldlova.

Søknaden gjeld ei stor utviding av biomasseproduksjonen i anlegget frå 216 tonn til 2000 tonn. Samstundes blir det ei omlegging av produksjonen frå eit gjennomstrømningsanlegg til eit reirkuleringsanlegg.

Tilhøvet til plan

Denne produksjonsutvidinga skjer utan auke i vassuttak frå vassdraget eller arealbruk.

Vilt, laksefisk/innlandsfisk, naturvern og friluftsliv

Det er ikkje funne registrering av særlege interesser knytt til vilt og laksefisk i området. Det er særlege omsyn å ta til naturverninteresser i området då Lurefjorden er eit av tre prioriterte område i marin verneplan for Hordaland.

Fylkesmannens vurdering av Lurefjorden som resipient for utsleppa frå Nesfossen Smolt AS vart gjort i vårt brev av 15. mars 2014 då det vart gjeve avslag på søknaden om auka utslepp til Lurefjorden.

I den endra søknaden er det lagt om til bruk av teknologi inneber minst 50 prosent reduksjon av utsleppa til Lurefjorden. Omsynet til resipienten meiner vi blir betre ivareteken i denne søknaden.

Sjøområdet som resipient

Vi syner til vårt brev av 15. mars 2014. For Fylkesmannen er det avgjerande for dette utsleppsløyvet at utsleppet til Lurefjorden blir redusert samanlikna med dagens utslepp frå settefiskanlegget på Nesfossen.

Utsleppsmengder av organisk materiale

Det finst fleire modellar for berekning av utsleppsmengder av organisk materiale frå akvakulturproduksjon, jf. rapporten frå ekspertgruppa oppnemnt av Fiskeri- og kystdepartementet i samråd med Miljøverndepartementet for vurdering av eutrofisituasjonen i Hardangerfjorden. Leverandørar av resirkuleringsteknologiar har òg sine berekningar og kjem fram til sine tal. I utsleppsløyvet her har vi valt å nytte verdiane som Miljødirektoratet har nytta i rettleiar for handsaming av akvakultursøknader.

- Nitrogen = Fôrforbruk * 0,0736 – Total produksjon * 0,0296
- Fosfor = Fôrforbruk * 0,013 – Total produksjon * 0,0045
- Organisk stoff = Fôrforbruk * 0,8 * 0,15

Grunnlaget for berekning av utsleppsgenser er at dei skal vere maksimalt 50 prosent av utsleppsgrensene i det gamle løyvet.

- Nitrogen = $0,5 * (240.000 * 0,0736 - 216.000 * 0,0296) = 5.635 \text{ kg}$
- Fosfor = $0,5 * (240.000 * 0,013 - 216.000 * 0,0045) = 1.074 \text{ kg}$
- Organisk stoff = $0,5 * 240.000 * 0,8 * 0,15 = 14.400 \text{ kg}$

Vurdering etter naturmangfaldlova

Lurefjorden og Lindåspollene representerer eit unikt økosystem, ikkje berre for Norge. Fjordsystemet representerer eit økosystem som ein ikkje finn andre stader. Verneverdien ligg i økosystemet som heilskap meir ein einskilde artar som lever her.

Kunnskapsgrunnlaget for dette vedtaket er bygd på resipientgranskingar i Lurefjorden, kontakt med forskarar ved Universitetet i Bergen og arbeidet som ligg bak framlegget til marine verneområde. Fylkesmannen vurderer kunnskapsgrunnlaget som godt.

Føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 har som mål å unngå irreversibel skade på naturmangfaldet når kunnskapsgrunnlaget ikkje er tilstrekkeleg. Fylkesmannen meiner det er tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag til at føre-var-prinsippet ikkje kjem til nytte her.

Fylkesmannen har tatt omsyn til den samla belastninga på økosystemet, jf. naturmangfaldlova § 10. Denne søknaden der anlegget skal ta i bruk resirkuleringsteknologi inneber at utsleppet til resipienten blir redusert etter ei utviding av produksjonen.

Dersom det syner seg at det kan bli naudsynt å setje inn tiltak for å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet, skal kostnadene berast av tiltakshavar, jf. naturmangfaldlova § 11.

Nesfossen Smolt AS pliktar å ta i bruk miljøforvarlege teknikkar og driftsmetodar som er tilgjengelege for næringa i dag (BAT), jf. naturmangfaldlova § 12.

Støy

Krave i vedlagte utsleppsløyve følgjer gjeldande regler for grenser for støy frå settefiskeanlegget. Akvakulturanlegg ligg ofte i område nær fritidsbustader. Støy frå anlegget kan vere sjenerande for naboane sjølv om verksemda helde grensene i utsleppsløyvet.

Konklusjon

Fylkesmannen meiner at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg til å kunne gje eit utsleppsløyve for produksjon av inntil 2.000 tonn biomasse og 2,5 millionar sjøklar settefisk av laks og aure, samla biomasseproduksjon inntil 2.000 tonn og förforbruk inntil 2.400 tonn på lokaliteten Nesfossen. Utsleppsløyvet er gitt i medhald av forureiningslova § 11, jf. § 16.

Fylkesmannen har vurdert risiko for ulemper ved tiltaket som akseptable i høve til fordelane tiltaket gir i form av arbeidsplassar og matproduksjon.

Det er sett krav om bruk av resirkuleringsanlegg med gitte grenser for samla utslepp til resipienten. Det er sett krav om at slammet skal leverast godkjend mottak og at det skal handsamast slik at det ikkje genererer luktpproblem for naboar.

Verksemda skal undersøkje miljøtilstanden på lokaliteten med resipientgranskningar og strandsonegranskningar i tråd med tidlegare granskningar. Siste resipientgranskning er frå 2008. For å kunne vurdere effekten av utvidinga av produksjonen set Fylkesmannen krav om at neste granskning skjer innan 2 år, altså innan utløpet av 2016. Verksemda kan bli pålagt å utføre meir omfattande overvaking, eller delta i dei undersøkingane som Fylkesmannen finn nødvendig for å kartleggje forureiningseffekten anlegget har på resipienten, jf. forureiningslova § 51.

Risikoklasse

Verksemda er plassert i risikoklasse 3. Fylkesmannen har lagt storleik på produksjonen og eigenskapane til resipienten til grunn for val av risikoklasse. Han er gradert frå 1 til 4, der 1 er høgaste risiko. Risikoklassen angir forventna ressursbruk ved tilsyn, jf. forureiningsforskrifta § 39-6. Han har òg innverknad på kor ofte vi vil gjennomføre tilsyn med verksemda og storleiken på gebyret ved tilsyn.

Gebyr for sakshandsaming

Fylkesmannen tar sakshandsamingsgebyr for arbeidet med løyve. Reglane om gebyrinnkrevjing er gjeve i forureiningsforskrifta kapittel 39. Vi har plassert verksemda under gebyrsats 3, jf. forureiningsforskrifta § 39-4 om arbeid med fastsetjing av nye løyve. Verksemda skal betale 20.600 kroner i gebyr for sakshandsaminga. Miljødirektoratet sender faktura.

Verksemda kan klage på vedtaket om gebyrsats til Miljødirektoratet innan 3 veker etter at dette brevet er motteke, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ei eventuell klage bør vere grunngeven og skal sendast til Fylkesmannen i Hordaland. Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at vedtaket blir utsett. Verksemda må derfor betale det fastsette gebyret. Om Miljødirektoratet imøtekjem klagen, vil det overskytande beløpet bli refundert.

Erstatningsansvar

Utsleppsløyvet frittek ikkje verksemda for erstatningsansvar for forureiningskade, jf. § 10 og kap. 8 i forureiningslova.

Klage

Partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket til Klima- og forureiningsdirektoratet jf. forvaltningslova. Send klagen til Hordaland fylkeskommune innan tre veker etter at anlegget har fått løyve etter akvakulturlova.

Dersom vedtaket blir påklaga, kan Fylkesmannen eller Miljødirektoratet etter førespurnad vedta at vedtaket ikkje skal gjelde før klagen er endeleg avgjort, jf. forvaltningslova § 42.

Partane i saka har etter forvaltningslova §§ 18 og 19 rett til å sjå saksdokumenta. Fylkesmannen kan på førespurnad gi nærare opplysningar om sakshandsaminga.

Helsing

Kjell Kvingedal
miljøvernshjef

Tom N. Pedersen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Utsleppsløyvet (vedlegg 1)
 Tiltak for å sikre mot viltskade (vedlegg 2)

Kopi til:

Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Lindås kommune	Kvernhusmyrane 20	5914	Isdalstø